



Kvassnesvegen 33 AS
Kvassnesvegen 33
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/18 - 18/13056

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

23.04.2018

Etterlyser årsrapport for oljeutskiljar - gbnr 188/384 Gjervik Ytre - Førehandsvarsel om tilsyn

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport for oljeutskiljar anlegg ved gbnr 188/384 med adresse Kvassnesvegen 33. Frist for innsending av årsrapport var 01.02.2018.

Som abonnent på avløpstenester i Lindås kommune er det Kvassnesvegen 33 AS som har hovudansvar for at det vert sendt inn dokumentasjon på utskiljaranlegg ved gbnr 188/384. Dokumentasjonen skal vise at anlegg tilfredsstillar krav til utslepp. Kvassnesvegen 33 AS har som grunneigar også juridisk ansvar for anlegg som er knytt på kommunalt leidningsnett.

Teknisk drift ber Kvassnesvegen 33 AS om å sende inn årsrapport av anlegg for 2017. Årsrapporten skal ha følgjande dokumentasjon:

- Utfylt skjema - årsrapport 2017
- Dokumentasjon på at det utført **minst 1 tømning** av anlegg i 2017
- Kopi av **minst 1 prøveanalyse av utsleppsvatn** (utført av godkjent laboratorie)
- Drift og vedlikehaldsrapport for anlegg.
- Kopi av tømmeavtale med godkjent tømmefirma

Frist for innsending av årsrapport 2017 vert sett til: **onsdag 2 mai 2018**

Lindås kommune skal føre kontroll over alle anlegg som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett. Det er viktig at kommunen får god kontroll over anlegg slik at ein unngår utslepp av olje på leidningsnett, pumpestasjoner og til reinseanlegg. Olje som vert ført ut på kommunalt anlegg påfører kommunen aukte drifts- og vedlikehalds kostnader. Dette er kostnader som kommunen må dekke inn via kommunale gebyr eller ved å fakturere den ansvarlege for utsleppet.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Lindås kommune har ikkje motteke årsrapport for anlegg dei siste åra. Det er viktig at Kvassnesvegen 33 AS får innarbeida gode vedlikehalds- og rapporteringsrutiner for anlegg. Dette vil være med på å redusere kommunen sitt behov for å føre tilsyn med anlegg.

Førehandsvarsele om tilsyn:

I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift førehandsvarsel om tilsyn av anlegg ved Kvassnesvegen 33. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – varsel om tilsyn.

Teknisk drift ber om at kommunen sine skjema vert nytta ved rapportering av anlegg.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kvassnesvegen 33 AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ